

**Sakshandsamar:**

Siri Merete Nedland  
E-post: Siri.Merete.Nedland@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 11

**Vår ref.**

Sak nr.: 12/8246-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

94/13

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 02.01.2013

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

## Høring - framlegg til endringar i opplæringslov og privatskulelov - spesialundervisning og psykososialt miljø.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gje tilbakemelding på eitt av framlegga som gjeld vidaregåande opplæring; *skulen si plikt til å vurdere utbyttet av opplæringa før det vert gjort vedtak om spesialundervisning etter kap 5.*

Vi er usikre på om framlegget i tilstrekkeleg grad fangar opp utfordringar knytte til overgangane i grunnopplæringa, dvs. mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule, mellom stega i vidaregåande skule (t.d. ved byte av skule) og ved overgang til opplæring i bedrift.

Mange fylkeskommunar, også Sogn og Fjordane, har i dag rutinar som førebur overgangane frå grunnskulen til vidaregåande skule gjennom tett samarbeid mellom avgjevarskule, pedagogisk-psykologisk teneste, føresette og mottakaraskule. På den måten kan elevane møte ei førebudd og tilpassa opplæring frå første dag. I praksis medfører dette at enkeltvedtak om spesialundervisning ofte vert gjort før eleven tek til i vidaregåande skule, på grunnlag av sakkunnig tilråding som byggjer på PP-tenesta sitt kjennskap til eleven frå tidlegare opplæring.

Svakheita med ein slik praksis er at ein ikkje får vurdert eleven sine faktiske tilretteleggingsbehov i den nye opplærings situasjonen, slik opplæringslova alt i dag legg opp til.

Dersom elevane først skal kartleggjast og greiast ut etter skulestart, når skulen har vurdert utbyttet av den ordinære opplæringa, vil det for mange medføre at det kan gå lang tid før eit godt tilpassa opplæringstilbod er på plass, og verdifull tid kan gå tapt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune saknar ei drøfting av både dette og overgangane i grunnopplæringa i høyringsframlegget.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei andre framlegga i høyringsbrevet.

Med helsing

Siri Merete Nedland  
teamleiar



Vedlegg:

Mottakar (ar)

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep. 0032 OSLO

Kopi til:

Per Jørgen Loen, OA

Reidun Liljedahl Fimreite, OA